



AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Alver kommune
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
23.02.2021	21/127 - 8	

Oversending av vedtak - Elevar frå Åsheim skulekrins som går på skule i Austrheim

Austrheim kommunestyre gjorde vedtak i kommunestyremøte torsdag 18.02.2021 vedtak om å tilby noverande elevar på barnesteget frå Åsheim krins, tilbod om gratis skulegong ut barnesteget i Austrheim kommune og ved Kaland barneskule. Dette inneber at Austrheim ikkje vil ta betalt for grunnsatsen (kr 35 000,-) for elevane, men at det kun er knytta kostnader til evt. spesialundervisning og andre tilrettelagte tilbod, samt skuleskyss for elevane. Avtale som allereie er stadfesta for elevane på 9. steg, er gjeldande.

Kommunestyret - 019/21:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Austrheim kommunestyre ber rådmannen gje tilbod til rådmannen i Alver Kommune, og ordførar i Alver kommune, om gratis skulegang for elevane i Åsheim-krinsen til desse er ferdige på barneskulen.

Dette gjeld for elevane frå 1. – 6. klasse som allereie går på Kaland og som er heimehøyrande i Åsheim skulekrins.

For elevar der det alt er gjort avtale om at dei skal fullføra skulegangen på Kaland, gjeld denne.

Kostnad for spesialundervisning og andre tilrettelagte tilbod vert dekkja av Alver kommune.

Kostnad for skuleskyss vert dekkja av Alver kommune.

Vi håpar at Alver kommune vil imøtesjå tilbodet og at elevane får fullføra barnesteget på Kaland skule. Vi vil i så høve koma attende til ein avtale som omhandlar skuletilbodet, ansvar og opplæringstilbod.

Vi er kjend med at det har vore knytta ein del spørsmål og diskusjon vedk. oppseiinga av avtalen med Alver kommune. Vi ser at oppseiinga frå vår side ikkje var tydeleg nok på kva tilhøve av avtalen som vart sagt opp, men det blei vist til «Avtale med Austrheim kommune – våre elevar ved Kaland skule» datert 03.06.2003 (ref. 03/01077-1). Denne avtalen omhandla dei økonomiske tilhøva og vart gjort gjeldande frå og med skuleåret 2003/04 og

gjeld inntil vidare – inntil han vert oppsagt av ein av partane. Vidare står det i denne avtalen «*For ordens skuld gjer ein merksam på at kommunedelplan for grunnskulen i Lindås er uner handsaming. Førebels ligg det ikkje føre politiske signal som direkte rører ved Åsheim krins*». Det har aldri vore intensjon frå Austrheim kommune å seie opp interkommunal skulekrins for elevane i Åsheim krins og vi ynskjer svært gjerne at dei skal få vidareført skulegangen sin hos oss. Avtalen vart sagt opp av med intensjon om revidering av dei økonomiske tilhøva.

Vi gjer merksam på at Austrheim kommunestyre gjorde vedtak 21.januar om å samla ungdomsskuleelevane i Austrheim ved Årås skule. Det er vedteke ein opptrappingsplan slik at elevar på ungdomssteget på Kaland får fullføre skuleløpet og elevar som startar på ungdomssteget hausten 2021, vil starte på ny ungdomsskule. Kaland barneskule er vedteken vidareført og det er også vedteke omfattande oppgradering av skuleanlegget.

Vi høyrer frå dykk.

Vennleg helsing

Bjørnar Fjellhaug
konstituert rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Sara Sekkingstad
Ørjan Raknes Forthun

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG